



Sjekkliste for egenrevisjon

## 65 INN PÅ TUNET

© Stiftelsen Norsk Mat  
Versjon 2024.6



Spørsmål som krever dokumentasjon vises med symbolet  
 Opplysninger om mål og organisering noterer du i Inn på tunet-verktøyet.

## 65.1 FORHOLDET TIL RELEVANT LOVVERK

### 65.1.1 Kjenner du til kva for lover, reglar og offentlege krav som til ei kvar tid er relevante for verksemda?

Følgjande hovudområde kan vera aktuelle å undersøkjia med tanke på lover og reglar:

1. organisering av virksomheten
2. forhold knytt til økonomi
3. forhold knytt til sikkerheit (inkl. transport)
4. forhold knytt til kvalitet
5. arbeidsforhold
6. personvern
7. forhold knytt til ulike aktiviteter

Opplistingen er ikkje uttømmende!

IPT-verksemdar er svært ulike. Det kan derfor ikkje givast ei eksakt og uttømmende opplisting av kva lovverk ein må forhalda seg til. Nokre lovverk som gjeld generelt:

1. HMS-lovgivinga m/\*forskrifter
2. Arbeidsmiljøloven
3. Lovverk knytt til skatt og meirverdiavgift
4. Relevante delar av forvaltningslova (teieplikt)
5. Plan- og \*byggningslov
6. Produktkontrollloven
7. Forurensningsloven
8. Lov om \*Personopplysninger

Opplistingen er ikkje uttømmende! Sjå meir på : <https://lovdata.no>

#### § Krav

FORHOLDET TIL RELEVANT LOVVERK	Informasjon
Oppdatert forskrift	Lovkrav
Endring i yrkestransportforskrift	Informasjon

### 65.1.2 Kjenner du til lovgjeving rundt politiattestar og dei krav som blir stilt til eigne tilsette, og eventuelt krav om å levera attest ved tilbod innan bestemte brukargrupper?

Den som kjøper ei IPT-teneste, kan be om politiattest direkte frå politiet. Det er særskilde reglar for korleis ein ber om å få utferda ein politiattest, og kva han skal innehalde. Les meir om politiattestar på **politi.no**.

#### § Krav

Barnevernloven	Lovkrav
Politiattest barn	Lovkrav
Politiattest opplæringsloven	Lovkrav
Helse- og omsorgstjenesteloven	Lovkrav
Politiregisterforskriften	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.2 KURS OG FAGLEG OPPDATERING

### 65.2.1

#### Har du og dine medarbeidere relevant kurs- og fagleg opplæring og kompetanse for gjeldande Inn på tunet-tilbud?

Som IPT-tilbydar er det viktig å ha eit medvite forhold til det ansvaret ei slik verksemd inneber. Dette gjeld både organisatorisk, menneskeleg, fagleg og økonomisk.

Kvalitetssystemet for IPT føreset at du har gjennomgått kurs i grunnleggjande og lovpålagt HMS-arbeid. Dette er eit krav i *arbeidsmiljølova*. For deg som er IPT-tilbydar, er det strengare krav til HMS-opplæring enn det som er minstekravet frå Arbeidstilsynet. Stiftelsen Norsk Mat godkjenner ikkje reint nettbaserte HMS-kurs, men krev at kurset skal vere praktisk og retta mot landbruk. Norsk Landbruksrådgiving er blant dei som tilbyr eit slikt kurs.

I tillegg til praktisk HMS-kurs finst det kombinasjonskurs som både tek for seg generelle HMS-krav og gjev ein introduksjon til kvalitetssystemet for IPT. Det finst òg nokre andre aktørar, mellom anna enkelte vidaregåande skular, som tilbyr tilsvarende kurs.

Enkelte kjøparar krev at tilbydaren skal ha gjennomgått eit IPT-kurs.

Når det gjeld fagleg opplæring, er det viktig at du og kjøparen har ein god dialog om kva krav kjøparen stiller, og i kor stor grad det er mogleg for deg å oppfylle krava.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.3 PERSONOPPLYSINGAR OG TEIEPLIKT

### 65.3.1 Er det etablert eit sikkert system for behandling av personopplysingar i samsvar med lovverket?

Viss du har ei IPT-verksemd, kan det hende du må behandle og oppbevare personopplysingar. Då gjeld *personopplysningslova*. Du må setje seg godt inn i dei delane av lova som er relevante for verksemda. Når det gjeld særskilde reglar knytte til dei ulike brukargruppene, er det kjøparen sitt ansvar å informere om aktuelle krav (sjå standardavtalar). Det vises til Datatilsynets retningslinjer <https://www.datatilsynet.no/rettigheter-og-plikter/personopplysninger>

Som tilbydar skal du etablere og gjennomføre eit system for internkontroll for å sikre at verksemda følgjer føresegnene i lova. Dette systemet må du dokumentere skriftleg. **Du kan bruke IPT-standarden som eit internkontrollsystem**, viss du bruker han slik det er tenkt.

To omgrep du må kjenne til når du skal gjennomføre internkontroll for personopplysingar:

- **Behandling av personopplysingar** er all bruk av personopplysingar, til dømes rapportar.
- **Behandlingsansvarleg** er den som er ansvarleg for å behandle personopplysingane. I samband med IPT er dette som regel tilbydaren.

Andre definisjonar og forklaringar finn du i personopplysningslova kapittel 1.

Dersom du er usikker på noko som gjeld behandling av personopplysingar, bør du søkje hjelp hos ein kompetent person eller etat for å få opplyst om kva for krav ein stiller til verksemda di, og korleis desse krava kan oppfyllest.

Du må oppbevare personopplysingar og rapportar slik at uvedkomande ikkje kan få innsyn.

Vurder nøye i samråd med kjøparen kva for personopplysingar du treng å ha arkivert på garden din. I dei fleste tilfella har kjøparen den nødvendige dokumentasjonen. Når brukaren ikkje lenger nyttar tilbodet, skal du makulere personopplysingane eller returnere dei til kjøparen.

#### § Krav

Personopplysningsloven	Lovkrav
------------------------	---------



### 65.3.2

#### Har du og dine tilsette kjennskap til, og skriver under på teielovnader?

Du og medarbeidarane dine, og eventuelt andre som er direkte involverte i verksemda, må underteikne teielovnader. Dei som er involverte i verksemda, får tilgang til personopplysingar som i varierende grad er sensitive.

Dersom det oppstår ein uskuldig episode i løpet av ein arbeidsdag og du fortel dette vidare til andre, kan det vere brot på teieplikta. Ei attforteljing av ei hending kan innehalde informasjon som lett kan identifisere kven som var involvert, og kva dei gjorde. Dette gjeld særleg innanfor eit lite miljø som ei IPT-verksemd. Det er du som tilbydar som har ansvaret for at dei tilsette og andre involverte kjenner godt til teieplikta og kva ho inneber i praksis.

Eit forslag til skjema for teielovnad finn du på **altinn.no**.

#### § Krav

Forvaltningsloven	Lovkrav
-------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.3.3

**Kan du dokumentere at det finnes rutiner for teieplikt? Rutinen skal gjelda for både tilbyder, ansatte og andre sporadisk involverte (som familie).**

Naboar, besøkjande og andre meir sporadisk involverte kan ikkje påleggjast ei formell teieplikt.

Det er fornuftig å gjere naboar, besøkjande og andre som er innom garden merksame på at dei ikkje bør bringe vidare informasjon om personlege tilhøve som dei får kjennskap til når dei er på garden.

Når du driv ei IPT-verksemd, kan det hende at du blir kontakta av journalistar eller andre som er interesserte i å «sjå» på verksemda. Dersom det skjer, må du vere varsam med å gje opplysningar som kan innebere brot på teieplikta, eller å eksponere brukarar.

#### § Krav

Hva er en personopplysning?	Lovkrav
-----------------------------	---------

### 65.3.4 Har fotografen og personane det er teke bilete av, gjeve løyve til at dei kan publiserast?

Det bør ikkje utan vidare vere tillate å fotografere i eit Inn på tunet-tilbod.

Viss du skal publisere bilete av brukarar på garden, må du avklare det med anten brukaren, oppdragsgjevaren, verja, dei pårørande eller andre som kan gje løyve til ei slik publisering. Løyvet skal vere skriftleg.

Du må òg gjere journalistar merksame på dette.

Det kan vere lurt å setje seg inn i retningslinjene på *Ver varsam-plakaten* til Norsk presseforbund (**presse.no**). Det finnes også informasjon hos Datatilsynet om fotografering sjå link direkte til dette under krav og infolenkje

#### § Krav

Personopplysninger	Lovkrav
Vær varsom plakaten	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.4 ANSVAR, OPPLÆRING OG ROLLEAVKLARING



### 65.4.1 Ansvar og avklaring av roller Er det avklart kven (tilbydar/følgjar/andre) som til ei kvar tid har ansvaret for den enkelte brukar?

Dersom ein brukar deltek i eit IPT-tilbod utan følgjeperson, må du som tilbydar avklare kven i verksemda di som har ansvar for brukaren. Viss brukaren har ein følgjeperson eller fleire følgjepersonar, må du i samråd med følgjepersonen/følgjepersonane avklare kva roller og kva ansvar denne/desse har.

Du må avklare kven som har ansvar for kvar einskild brukar eller kvar einskild gruppe av brukarar, og den ansvarlege skal vere klar over ansvaret sitt. Her er det snakk om det daglege ansvaret for brukarar og aktivitetar på garden, og ikkje det meir overordna ansvaret som ein slår fast i ein avtale.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



#### 65.4.2

**Har dei som har ansvar for tilbodet, fått relevant opplæring, til dømes når det gjeld sikkerhetsrutinar, når det gjeld tilhøve ved staden, og når det gjeld korleis ein introduserer nye brukarar og evt følgjesperson til brukararen?**

Dei som har ansvar for tilbodet, må få opplæring og ha klart for seg kva arbeidet består i, slik at alle er kjende med ansvaret sitt. Dersom brukarane er framand- eller fleispråklege eller har andre behov som gjer det nødvendig å leggje til rette for kommunikasjon, er det viktig at du vurderer korleis du kan løyse dette.

Ein kan tenkje seg at brukarar besøkjer garden også utanfor tida dei er der i regi av Inn på tunet-tilbodet. I slike tilfelle må du vere medviten på rolla di som IPT-tilbydar. Dersom du har privat besøk av ein brukar ein dag då han eller ho ikkje er i eit organisert tilbod på garden, må du ha reglar for dette, slik at du unngår situasjonar der ansvaret for brukaren ikkje er tydeleg plassert.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



#### 65.4.3

**Har du teikna inn på eit eige kart kva for delar av garden som inngår i tilbodet?**

Det er viktig at du er medviten på kva for område som inngår i IPT-verksemda, og kva for område som ikkje gjer det. Dette er på grunn av at det er særskilde behov for å sikre områda og anlegga som inngår i IPT-tilbodet.

Det skal vere eit kart som viser kva for delar av garden som inngår i tilbodet. Kartet bør i tillegg inkluderast i opplæring av tilsette.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.5 INTRODUKSJON OG TRYGGLEIKSRUTINAR



### 65.5.1

**Har du rutinar for at nye brukarar får ein tilrettelagd introduksjon om lokale tilhøve, sikkerheitsrutinar, særskilde tilhøve og rutinar, kva som er lov og ikkje lov, praktisering av teieplikt kring det kvar einskild opplever på garden, osv.?**

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Når du driv eit IPT-tilbod, må du tenkje gjennom kva informasjon tilsette og samarbeidspartnarar treng for å kunne arbeide på ein trygg og god måte. Det kan vere opplysningar om garden, oppgåver, aktivitetar, reglar på garden og for aktivitetane, osv.

#### **Brukarane må få informasjon om korleis ein skal fare åt på garden**

Når ei ny gruppe eller ein enkeltbrukar byrjar i eit IPT-tilbod, skal ein alltid gje informasjon om korleis ein skal fare åt på garden og i dei ulike aktivitetane. Dersom det er område som det ikkje er lov å ferdast på, bør du markere dei eller sperre dei av. Informasjonen bør vere enkel og konkret, og gjerne knytt opp til aktiviteten som reglane gjeld for. Dersom brukaren skal bruke verktøy eller utstyr, må han eller ho alltid få opplæring i sikker bruk før arbeidet tek til.

Det kan oppstå situasjonar der brukaren er uskikka for oppgåver han eller ho vanlegvis utfører. Du bør etablera rutinar for korleis slike situasjonar skal handterast. Brukaren bør vera informert om desse rutinane på førehand.

Det er kjøparen som har ansvaret for å opplyse om kva brukaren har krav på og behov for. Denne informasjonsplikta er regulert i ein avtale mellom deg og kjøparen.

Ein kan ikkje påleggje brukarar formell teieplikt.

#### **Du kan innføre reglar som pålegg brukarane teieplikt overfor kvarandre**

Det er likevel ingenting i vegen for at du har reglar som pålegg brukarane teieplikt overfor kvarandre. Dette kan vere reglar som «Dette snakkar vi berre om i dette rommet», «Vi snakkar berre om kvarandre når den andre er til stades» eller liknande. Dersom du ikkje ønskjer å gå så langt, bør du i alle fall snakke med dei tilsette og brukarane om teieplikt og personvern for å gjere dei meir medvitne på dette. I nokre tilfelle kan det vere føremålstenleg å avgrense brukaren si utlevering av seg sjølv og personlege tilhøve.

#### **Nye brukarar og nye tilsette skal følgje eit introduksjonsprogram**

Før du får nye brukarar, må du vurdere om dei nye brukarane vil passe saman med brukarane som er på garden frå før, så du får ei god samansetjing i den nye brukargruppa. Når du får nye brukarar, skal du ha eit introduksjonsprogram for dei slik at dei kjenner seg velkomne og godt tekne vare på. Du må også ha eit godt introduksjonsprogram for nytilsette, så dei lærer arbeidsoppgåvene sine og får eit positivt forhold til brukarane.

Ved å ha møte med kjøparen og brukaren på førehand kan ein starte introduksjonen til Inn på tunet-tilbodet på ein god måte.



### 65.5.2

**Har du rutinar for å vurdere om det er nødvendig å gjenta informasjon til ein brukar eller ei brukargruppe, slik det står i punkt 65.5.1?**

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Når du vurderer gjennomgangen av informasjon og om det er nødvendig å ta oppatt denne, er det viktig at du vurderer om brukaren har behov for gjentakende informasjon. Nokre brukarar kan ha behov for introduksjon kvar gong dei kjem til garden, medan andre klarer seg fint utan.

## 65.6 FORSIKRINGAR

### 65.6.1 Er det avklart kva for forsikringar du som IPT-tilbydar er ansvarleg for, og kva for forsikringar kjøparen er ansvarleg for?

Som tilbydar må du, i samarbeid med kjøparen og forsikringsselskapet, vurdere å teikne forsikringar som er nødvendige som følgje av IPT-verksemnda eller endringar i denne.

Saman med forsikringsselskapet må du gå gjennom kva for behov IPT-verksemnda har for forsikring. Dette skal vere til rettleiing for deg og gje deg oversikt. Vidare bør du undersøkje om forsikringsselskapet informerer om lovfesta forsikringar i tillegg til forsikringane dei sel sjølve.

Som tilbydar skal du ha ei ansvarsforsikring som dekkjer ein produksjon som Inn på tunet. Det skal vere ei forsikring for skade på person eller ting på opp til minst 10 millionar kroner. Ut over dette er kjøparen ansvarleg for å forsikre brukarar.

#### § Krav

Inn på tunet virksomhet – ansvar og forsikring.	Informasjon
-------------------------------------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.6.2

#### Kan du leggja fram dokumentasjon på kva forsikringar du har teikna?

Det er viktig at du tek vare på all dokumentasjon frå forsikringsselskapet, sidan det kan oppstå usemje om kva som er avtalt, og kva som er omfatta av forsikringa.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.7 DYR I INN PÅ TUNET-TILBODET

### 65.7.1

#### Har du etablerte rutinar for å vurdere kva opplæring brukarar og/eller tilsette treng, når dyrestell og dyreomsorg er ein del av tilbodet?

Ut frå korleis du kjenner dyra dine, må du vurdere kva slags opplæring brukaren treng for å vere med på dyrestell. Og ut frå kjennskapen til kvar einskild brukar må du vurdere om det er situasjonar der brukaren ikkje bør vere med på slikt stell.

Du må òg særleg vurdere om, og eventuelt i kva for situasjonar, brukaren kan vere åleine med dyra. Skriv ned kva slags opplæring ein skal gje til dei som skal vere saman med dyra, og dokumenter når opplæringa er gjeven, og av kven.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.7.2 Har du ei oversikt over kven av dei tilsette eller hjelparane som har ansvaret for kvart einskilt dyr?

I tillegg må du ha ei oversikt som viser kven som har ansvar for kvart einskilt dyr som de nyttar i tilbodet. Skriv ned kva slags opplæring ein skal gje til dei som skal vere saman med dyra, og dokumenter når opplæringa er gjeven, og av kven.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



## 65.8 GENERELLE KRAV FOR DEI SOM BERRE HAR DYR SOM BLIR NYTTA I IPT-TILBODET

### 65.8.1 Har du vore i kontakt med Mattilsynet og avklart registrering, merking og dyreholdjournal?

For å kunne spore smittevegar, og for å kunne verne folk og dyr mot sjukdommar, skal Mattilsynet kjenne til identiteten og opphavet til dyra.

Det skal såleis vere mogleg å spore kvar dyr kjem frå, og kvar dei blir leverte. Reglane for sporing femner mellom annan om krav til merking og registrering av dyr. Kontakt Mattilsynet for å få vite meir om kva for reglar som gjeld for deg og dine dyreslag.

#### § Krav

Merking og registrering av produksjonsdyr	Lovkrav
Dyreholdjournal	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.8.2 Kjenner du helsestatusen til innkjøpte dyr, og har du samla dokumentasjon i samband med kjøp, sal og leige av dyr?

Det er viktig at du har gode rutinar for å hindre at det blir overført smittestoff til eller frå buskapen. Kva for smitteførebyggjande tiltak du bør gjere når du kjøper inn dyr i buskapen, må du vurdere i kvart einskild tilfelle og i samråd med veterinæren. Kontakt Mattilsynet for å få utfyllande opplysningar.

Du skal notere namna på seljaren og dyretransportøren, og datoen for når dyra blei flytta.

#### Storfe:

For storfe dokumenterer du kjøp og sal gjennom Husdyrregisteret, og helsetilstanden dokumenterer du ved å bruke «Attest ved omsetning av storfe» frå Helsetenesta for storfe.

#### Småfe:

For småfe skal dokumentasjonen vere i samsvar med regelverket for kjøp, sal og leige av sau og geit. Helsetenesta for sau og Helsetenesta for geit har informasjon om regelverket.

#### Svin:

Viss du kjøper svin, er du ansvarleg for å registrere opplysningar om flyttinga i Husdyrregisteret innan 7 dagar. Når ein kjøper og sel svin gjennom slakteri, syter desse for å rapportere flyttinga.

#### § Krav

Dyrehelseforskriften	Lovkrav
----------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.8.3

#### Har du rutinar for smitteførebyggjande tiltak knytt til dyrehaldet på garden?

Det er viktig at du har gode rutinar for å hindre at det blir overført smittestoff til eller frå dyra. Du skal vurdere om det er smitterisiko knytt til besøkjande i husdyrhaldet og etablere eit føremålstenleg vern mot smitte. Det vil seie at du skal ha systematiske tiltak i dyrehaldet for å hindre at smittsame dyresjukdommar får spreie seg.

Du må ha tenkt gjennom tiltak i samband med følgjande punkt:

- Brukarar og andre besøkjande som nyleg har vore i kontakt med dyr frå andre gårder
- Brukere og andre besøkjande som nyleg har vore i kontakt med dyr i utlandet
- Kontakt mellom dyret dine og dyr frå andre gårder
- Fullstendig besøkslogg over alle besøkjande slik at du/styresmakter enkelt kan spora ved eventuelt smitteutbrot.

I mange land er det husdyrsjukdommar som vi ikkje ønskjer å få inn i Noreg. Du må difor vere særleg påpasseleg når det gjeld personar som nyleg har vore i utlandet. Dette gjeld brukarar av Inn på tunet-tilbodet, turistar og utanlandsk sesonghjelp så vel som folk som høyrer til på garden. Personar som har vore i kontakt med husdyrhald i utlandet, skal ikkje ha tilgang til husdyrrom eller dyra før det har gått 48 timar. Dersom det bryt ut husdyrsjukdommar i utlandet, må du rette deg etter eventuelle regelendingar frå Mattilsynet.

Dersom det bryt ut smitte og du må spore denne, er det viktig at du har oversikt over dyra sin kontakt med andre buskarar, bruk av felles utstyr som kan føre med seg smitte, og om røktarar jobbar i fleire buskarar.

### 65.8.4 Varslar du veterinær viss du mistenkjer smittsame dyresjukdommar?

Dyrehelsepersonell, dyreeigarar og publikum spelar ei viktig rolle i overvakinga av alvorlege smittsame dyresjukdommar. Alle som oppdagar eller har mistanke om utbrot av A- og B- sjukdommar hos landdyr, skal varsle Mattilsynet med ein gong, på telefon 22 40 00 00.

Kva for dyresjukdommar som blir rekna som A-, B- og C-sjukdommar, står i *forskrift om sjukdom hos dyr*.

#### Varsle og set i verk tiltak

Som hovudregel skal du varsle Mattilsynet, veterinær og varemottakarar med ein gong dersom du mistenkjer at det har brote ut ein smittsam dyresjukdom som kan gje vesentlege konsekvensar for samfunnet (f.eks. munn- og klauvsykje eller miltbrann).

I samråd med Mattilsynet og aktuelle varemottakarar skal du utan opphald setje i verk nødvendige tiltak for å førebyggje, redusere eller eliminere eventuelle skadeverknader.

På **mattilsynet.no** finn du fleire opplysningar om dyresjukdommar og råd for å unngå spreiring av smitte.

#### § Krav

Forskrift om dyrehelse	Lovkrav
------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.8.5

### Er du kjend med regelverket knytt til varsling, mellombels oppbevaring av, og levering av daude dyr?

Dersom du har storfe over 4 år eller småfe over 18 månader i buskapen din som døyr eller blir avliva på grunn av sjukdom, skal du varsle Biosirk (tidlegare Norsk Protein). Biosirk har teke over prøvetakinga av storfe og småfe som døyr eller blir avliva på garden. Det er no nok å kontakte Biosirk når du har daude dyr å varsle om. Samtidig som du bestiller henting av kadaveret, opplyser du om det er eit dyr som det skal takast hjerneprøve frå. Då har du vareteke varslingsplikta. Biosirk opptre på vegner av Mattilsynet, og du treng ikkje kontakte Mattilsynet i tillegg.

Du som bur i Finnmark eller andre stader der Biosirk ikkje køyrer, må melde frå til Mattilsynet på tlf. 22 40 00 00, eller bruke nettsida deira for å melde inn daude produksjonsdyr.

Aldersgrensene (4 år, og 18 månader) gjeld ikkje når dyret endrar åtferd eller har mista evna til å røre seg naturleg. Dersom du oppdagar ei slik endringsåtferd og årsaka er ukjend, skal Biosirk ta prøve same kor gammalt dyret er. Meld difor frå til Biosirk som vil vurdere om det er aktuelt å ta prøve med tanke på overvaking av skrapesjuka og kugalskap.

Daude dyr gjev fare for smittespreiing og forureining. Dette gjeld med omsyn til både andre dyr, folk, mat og vatn. Viss du må oppbevare kadaver fram til Biosirk kjem og hentar dei, må du syte for at det ikkje fører til forureining eller til at åtseldyr kjem til kadavera.

Leveringsvilkår frå Biosirk:

- Kadaver skal ikkje pakkast inn eller dekkjast til med plast. Plasser kadaver på ein stad der det er skugge. Ein kan skjerme kadaver med treballar eller liknande, men hugs god lufting.
- Kadaver skal liggje på eit fast underlag av tre eller betong der det er lett å komme til med kadaverbilen. Kadaver som er forureina med sand, stein og jord, blir ikkje henta.
- Fjern øyremerka før henting på alle dyr det ikkje skal takast prøver av. La det vere minst eitt merke att på prøvedyr.
- Det blir ikkje prioritert å hente enkeltlam, -kje og -smågris. Biosirk oppmodar leverandørar av lam, kje og smågris til å samle dette opp i ein frysar til ei større mengd før dei leverer til oss.
- Fjern alt av framandlekamar (til dømes hestesko).

Ifølgje *animaliebiproduktforskrifta* er det generelt ikkje tillate å grave ned kadaver, men § 20 opnar for unntak i spesifiserte «fjerntliggjande område». Her er nedgraving tillaten om ein melder frå til Mattilsynet og dei godkjenner det.

### § Krav

Varslingsplikt	Lovkrav
Innmelding av døde produksjonsdyr	Lovkrav
Innmelding døde produksjonsdyr, Finnmark	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.8.6 Har du rutinar for å passe på at dyra får nødvendig kvile og har god tilgang på reint vatn og fôr?

Fôr og vatn skal sikre god helse og velferd for dyra. Mengda skal vere tilpassa alderen, vekta og dei fysiologiske og åtferdsmessige behova til dyra.

Dyra skal ha tilgang på nok vatn av tilfredsstillande kvalitet. Du må syte for at vassautomatar, drikkekar, niplar og liknande blir kontrollerte dagleg, slik at du kan vere sikker på dei fungerer og gjev dyra det vatnet dei treng. Det same gjeld dyra sin tilgang til vatn på innmarksbeite.

Dyr som er ein del av eit IPT-tilbod, har òg behov for kvile. Ta omsyn til den naturlege rytmen til dyret, slik at det får kviletida det treng på dagar med stor aktivitet.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.8.7 Er du kjend med kva for krav til husdyrrom, stell og reinhald som gjeld for ditt dyrehald?

Kva for krav ein stiller til husdyrrom, stell og reinhald i ulike dyrehald, finn du i desse lovene og forskriftene:

- lov om dyrevelferd
- forskrift om velferd for småfe
- forskrift om hald av storfe
- forskrift om hald av svin
- forskrift om hald av høns og kalkun

På [mattilsynet.no](http://mattilsynet.no) finn du òg en rettleiing om hald av kanin, og informasjon om reglar ved hald av kameldyr.

#### § Krav

Veileder om hold av kanin	Lovkrav
Dyrevelferdsloven	Lovkrav
Forskrift om velferd for småfe	Lovkrav
Forskrift om hold av storfe	Lovkrav
Forskrift om hold av svin	Lovkrav
Forskrift om hold av høns og kalkun	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.9 SMITTEVERN OG HYGIENETILHØVE FOR BRUKARAR

### 65.9.1 Er det rutinar for god handhygiene i Inn på tunet-tilbodet, og har du lagt til rette slik at det er enkelt for brukarane å ha god handhygiene?

I eit IPT-tilbod kan smitte bli overført på fleire måtar: Bakteriar, virus og parasittar kan overførast mellom menneske, men det kan òg vere overføring av smitte frå menneske til dyr, og frå dyr til menneske. Denne sjekklista tek berre for seg smitteoverføring mellom menneske. Smitteoverføring mellom folk og dyr (begge vegar) er behandla i KSL sine sjekklister for husdyr. Det er viktig å vere merksam på at det kan oppstå smittespreiing, og at det då kan vere nødvendig å spore smittekjelda.

Brukarar og tilsette må kjenne til rutinar for generell hygiene og hygiene på kjøkkenet (handvask, behandling og lagring av matvarer og liknande). Handhygiene er særleg viktig. Dette bør vere ein del av oppgåvene og treningsopplegget i kvardagen.

Viss du treng meir informasjon om smittevern og hygiene, finst det ulike handbøker om temaet. Til dømes har Ullevål universitetssykehus utarbeidd ei handbok i hygiene og smittevern. Mattilsynet kan òg gje rettleiing i smittevern.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.9.2 Har du retningslinjer for når brukarane ikkje bør delta i tilbodet, og rutinar for å handtere sjukdom som kjem på hos brukarar i løpet av dagen?

Du må ha retningslinjer for kva for sjukdommar og symptom som gjer at ein må halde seg heime, eller som gjer at ein ikkje kan vere med på aktivitetar viss sjukdommen eller symptomona oppstår i løpet av dagen. Dette er òg med på å hindre eller avgrense smitte.

Slike retningslinjer bør du inkludere i avtalane du inngår med kjøparane.

Du finn god informasjon på nettsidene til folkehelseinstituttet, sjå link under "Krav og Infolenker".

#### § Krav

Her finner du informasjon og råd til foreldre og personale om å forebygge infeksjoner og skadedyrangrep	Informasjon
Barn på gårdsbesøk og smittevern – håndbok for helsepersonell	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.9.3

#### Har brukere og dei som arbeider på føretaket, tilgjenge til eit godt reinhalde sanitæranlegg ?

Tilgang til reine toalett og moglegheit for å vaske seg er viktig for hygienen til brukere og dei tilsette.

#### § Krav

Logg av vask toalett	Informasjon
Arbeidsplassforskriften	Lovkrav

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.10 MATSERVERING



### 65.10.1 Har du etablert rutinar som sikrar at verksemda blir driven i samsvar med aktuelle reglar for produksjon, handtering og servering av mat?

Det er ulike reglar for godkjenning av matsservering (kantine) og godkjenning av ordningar der brukarane lagar maten sjølve. Kantine utløyser til dømes strengare krav og meir kostnadskrevjande utstyr. Dette regelverket finst i *internkontrollforskrifta for næringsmiddel*. Mattilsynet kan informere og rettleie om dei ulike krava og korleis ein skal leggje til rette. Brukarane må kjenne til reglar for hygiene på kjøkkenet (handvask, behandling og lagring av matvarer og liknande). Dette bør vere ein del av oppgåvene og treningsopplegget i kvardagen.

Som tilbydar må du vere godt kjend med krava som er relevante for matsservering og matproduksjon.

#### § Krav

Forskrift om internkontroll for å oppfylle næringsmiddelovgivningen	Lovkrav
---------------------------------------------------------------------	---------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.11 FØREBYGGING AV UØNSKTE HENDINGAR



### 65.11.1

**Har du risikovurdert IPT-tilbodet, garden og omgjevnadene rundt han med omsyn til konkrete brukargrupper, og har du sikra risikoelement?**

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Tilhøve som kan vere til fare for sikkerheita på garden, kallar vi risikoelement.

Risikoelement det kan vere aktuelt å gjennomgå med utgangspunkt i dei brukargruppene du har, er mellom anna

- farlege arbeidstilhøve
- drukningsfare
- brann- og eksplosjonsfare
- fallfare
- farlege kjemiske og biologiske stoff
- tilgang til og bruk av maskinar og utstyr
- smittsam dyresjukdom

Risikovurdering i Inn på tunet verksemd skal vera skriftleg.

*Kvalitetssystem i landbruket* føreset at du som er tilbydar, har innført det lovpålagde HMS-systemet for garden og verksemda der. Informasjon om dette finn du i KSL-sjekkliste 2 *HMS*, særleg under punkt 2.2 om vernerunde og risiko og punkt 2.3 om risikovurdering.

Når du driv eit Inn på tunet-tilbod, er det viktig å tenkje over særskilde risikoelement med tanke på dei ulike brukargruppene som kan opphalde seg på garden som ein del av tilbodet ditt. Det kan til dømes vere barn eller andre med behov for særskild tilrettelegging.



**65.11.2 Har du utarbeidd eit mål for arbeidet mot mobbing og overgrep, har du sett i verk tiltak for å nå dette målet, og har du gjort målet og tiltaka kjende for alle på garden?**

Som tilbydar må du arbeide for å hindre at brukarar blir utsette for fysiske og/eller psykiske overgrep. Du bør ha eit klart formulert mål for dette arbeidet (sjå målet om trivsel under punkt 11.14.4).

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

**Etabler reglar og mål for omgangstone og oppførsel på garden.**

Du må tenkje gjennom og etablere reglar og mål for kva slags omgangstone og oppførsel som er akseptabel når ein deltek i eit Inn på tunet-tilbod. Reglane kan til dømes dreie seg om språkbruk, humor, erting, inkludering/ekskludering og testing av grenser. Reglane og måla må vere godt kjende blant dei tilsette og blant brukarane. Haldningsskapande arbeid som kan fremje alminneleg folkeskikk, respekt og empati for andre, bør du byggje inn i det daglege arbeidet.

Tenk òg igjennom korleis du vil handtere situasjonar der det er nødvendig å rettleie eller gripe meir direkte inn, og i kva for situasjonar du vil bruke verkemiddel utover tilsnacking.

Alle som er ein del av IPT-arbeidet på garden, må ha informasjon om mål og tiltak. Tilpass informasjonen til målgruppa, men involver alle slik at dei forstår arbeidsoppgåvene og aktivitetane.



### 65.11.3 Kan du dokumentere kva for tiltak som er sette i verk for å redusere risiko for skadar og uhell?

Det er viktig å gå igjennom alle Inn på tunet-aktivitetane og vurdere risikoen opp mot kva for brukarar som er med, og kva dei skal gjere. Til dømes kan det vere skilnad på kva som fører med seg risiko for elevar i grunnskulen, og kva som fører med seg risiko for personar med demens. Du må òg ta omsyn til dagsform, kor stor gruppa er, mellommenneskelege relasjonar o.l.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.12 BEREDSKAPSPLAN OG AVVIKSRAPPORTERING



### 65.12.1

#### Har du utarbeidd skriftlege beredskapsplanar for uønskte situasjonar og gjennomfører du beredskapsøvingar?

Når du skal utarbeide ein beredskapsplan, må du først tenkje igjennom kva for uønskte eller kritiske situasjonar som kan oppstå, og så må du skrive ned punktvis korleis ein skal handle dersom ein slik situasjon oppstår. Ved hjelp av beredskapsplanen kan alle som opplever ei krise, nytte denne punktlista som fortel kva dei skal gjere, kven dei skal kontakte, osv. Du bør vurdere om det kan vere lurt å samarbeide med eller rådføre seg med pårørande eller med kunden når du utarbeider beredskapsplanen.

Ein beredskapsplan som ligg i ein perm, er ikkje alltid like nyttig som eit oppslag på vegg der aktiviteten går føre seg. Du må likevel vere varsam med oppslag slik at dei ikkje skaper unødvendig uro hos brukarane (ikkje lag oppslag om korleis du skal handtere valdsepisodar eller dødsfall). Ha uansett alle viktige rutinar nedskrivne og lagra, slik at det er enkelt å finne dei ved ei krise. KSL-sjekkliste 2 HMS gjev god informasjon om beredskapsplanar.

#### Område som du bør ha beredskapsplan for:

- brann
- smitte
- sjukdom
- ulykke/skade
- forsvinning
- dødsfall
- mobbing
- overgrep
- konflikt
- stenging av IPT-tilbodet
- andre område knytte til spesifikke IPT-tilbod

Beredskapsplanen må innehalde nødvendige kontaktopplysningar til personar som ein skal kontakte ved ulike hendingar, og han må ha ei oversikt over kvar ein finn førstehjelps- og redningsutstyr.

Ein beredskapsplakat er ein del av beredskapsplanen. Lag ein beredskapsplakat med skisse over bygningane på garden, og fyll inn viktige opplysningar om brannsløkkingsutstyr, sikringsskap, stoppekran, telefonnummer og anna. Beredskapsplakat kan du få frå Stiftelsen Norsk Mat.

#### Gjennomføring av beredskapsøvelser

Alle som arbeider hos deg eller på annan måte er involvert i IPT-verksemda, skal jamleg gå gjennom beredskapsplanane.

Både du, medarbeidarane dine og brukarane skal jamleg gå gjennom tryggingrutinane. Du må dokumentera kva rutinar som er gjennomgått, når, og med kven.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.12.2 Har du og dei tilsette grunnleggjande og oppdatert brukartilpassa førstehjelpskunnskap?

Alle som arbeider i IPT-verksemda, skal kunna grunnleggjande førstehjelp, eventuelt med utvida opplæring der dette er nødvendig. Me tilrår at de held førstehjelpskunnskapen ved like med kurs kvart andre år.

Aktuelle førstehjelpskurs bør tilpassast dei aktivitetane som blir tilbodne av kvar enkelt verksemd. Som døme kan nemnast livreddningskurs der det er tilbod om vassaktivitetar.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.12.3 Har du utarbeidd skriftlege rutinar for å rapportere hendingar og situasjonar som avvik frå det som er akseptabelt?

Uakseptable hendingar eller situasjonar blir ofte omtalte som avvik, og avvik kan dreie seg både om relasjonar mellom menneske og om skadar og øydeleggingar. Avtal med kjøparen kva for avvik du skal rapportere, på kva måte dei skal rapporterast og korleis ein skal følgje dei opp vidare.

Dersom det oppstår eit avvik, skal du loggføre kva som hende, kven som var innblanda, korleis avviket blei handtert, og kva som blei den kortsiktige og langsiktige effekten. Når du registrerer eit avvik, bør du òg komme med forslag til korleis du kan unngå at dette skjer fleire gongar. Skjema for rapportering av avvik finn du på ksl.no

#### § Krav

Helse, miljø og sikkerhet	Informasjon
---------------------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.12.4 Er rapporteringsrutinane kjende for alle tilsette og andre involverte?

#### § Krav

Avviksskjema	Informasjon
--------------	-------------

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.13 ETIKK OG HALDNINGAR, OG INTEGRERING



### 65.13.1 Har du laga etiske retningslinjer for verksemda?

Det er viktig at du legg vekt på etiske sider ved verksemda. Etikk handlar om å svare på spørsmål som «Kva er godt?», «Kva er det rette?» og «Korleis bør ein oppføre seg». Ein kan seie at etikk rett og slett er den norma ein person legg til grunn for orda og handlingane sine. For å sikre at brukarar, tilsette og andre involverte trivst og kjenner seg trygge, skal du lage etiske retningslinjer for verksemda.

Her er nokre døme på etiske retningslinjer:

- Vi skal lytte aktivt og respektfullt til kvarandre når nokon har noko dei vil fortelje.
- Vi skal helse på kvarandre kvar morgon.
- Vi skal syte for at nye brukarar og nye tilsette føler seg velkomne, og at dei blir verdsette.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.13.2 Kjenner alle som er involverte i verksemda, til dei etiske retningslinjene?

Du må syte for at tilsette, brukarar og andre som er involverte i verksemda, er kjende med dei etiske retningslinjene.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.13.3 Finst det rutinar for opplæring av nye tilsette?

#### Nye tilsette skal følgje eit introduksjonsprogram

Du må ha eit godt introduksjonsprogram for nytilsette, så dei lærer arbeidsoppgåvene sine og får eit positivt forhold til brukarane.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.14 KOMPETANSE

### 65.14.1 Har verksemda god kunnskap om, og erfaring med, aktivitetane de tilbyr?

Du må vurdere kva slags erfaring og kunnskap som er nødvendig for å gjennomføre ein trygg aktivitet for brukaren, kva for krav ein eventuelt stiller i lov eller forskrift, osv. Denne vurderinga bør du gjere i nært samarbeid med kjøparen.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.14.2 Kan du leggje fram dokumentasjon på at du og medarbeidarane dine oppfyller eventuelle formelle kompetansekrav knytte til dei ulike aktivitetane, til dømes sertifikat?

Har du og dei tilsette nødvendig og oppdatert kompetanse for å gjennomføre aktivitetane i tilbodet på ein trygg måte? Enkelte aktivitetar krev formell kompetanse (sertifikat og liknande), medan andre byggjer på erfaring og kunnskap. Der det ikkje er krav om formell kompetanse, er det viktig at du sikrar at den som er ansvarleg for aktiviteten, har den nødvendige kunnskapen.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.14.3 Evaluerer du verksemda jamleg med tanke på korleis du kan utvikle verksemda og gjere ho betre?

For å oppfylle dette kravet må du ha ei rutine der du går gjennom alle sider ved tilbodet, gjere ei kritisk vurdering og notere ned ei vurdering. Vurderinga skal då innehalde eigne forslag til forbetringar og utvikling av tilbodet.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.14.4 Har du rutinar for å vurdere individuell trivsel og måloppnåing for brukaren?

I samarbeid med kjøparen må du avklare korleis de skal vurdere og rapportere trivsel og måloppnåing for brukarane.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.15 SIKKERHEIT

### 65.15.1 Er det ryddig og oversiktleg i omgjevnadene der aktivitetane går føre seg?

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



**65.15.2 Finst det nok sikkerheits-, rednings-, førstehjelps- og sløkkingsutstyr til bruk i samband med aktivitetane, og er utstyret i tråd med krava i forskriftene?**

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.16 INFORMASJON



**65.16.1 Har du rutinar for å utveksle informasjon?**

God informasjon er ein føresetnad for eit godt tilbod. Særleg må kommunikasjon mellom dei ulike aktørane i Inn på tunet-tilbodet (brukarar, kjøparar, tilbydar, tilsette, hjelpearar og familie) vere god. Det er òg svært viktig at det er god utveksling av informasjon mellom Inn på tunet-verksemnda og omgjevnadene rundt, til dømes naboar eller sporadiske hjelpearar.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### Tilsette

Dei som arbeider på ein gard med Inn på tunet-tilbod, treng å få informasjon om brukarane og eventuelle særskilde behov som brukarane har. Eit kort informasjonsmøte om morgonen kan godt vere nok, men det må du vurdere ut frå kva slags tilbod du driv.

### Brukarar og pårørande

Dersom brukarane får god informasjon, kan dei få avklart forventingane sine og oppleve at tilbodet er slik dei reknar med. Informasjon er dessutan viktig for at brukarane og dei andre deltakarane skal vere trygge når dei gjennomfører aktivitetane.

Når du skal gi informasjon om ein aktivitet til ein brukar, er viktig at du tilpassar informasjonen slik at du sikrar at brukaren oppfattar den korrekt. Viss du informerer munnleg, bør du til dømes vurdere å stilla oppfølgingsspørsmål.

### Kjøpar

Eit godt Inn på tunet-tilbod er avhengig av at kjøparen gjev nødvendig informasjon til tilbydaren om brukaren sine behov og tilhøve. Denne typen informasjon er regulert i det standard avtaleverket for Inn på tunet-ordninga. Det er kjøparen sitt ansvar at du som tilbydar får nødvendig informasjon om brukaren. Ein kan likevel tenkje seg at den konkrete aktiviteten tilseier at det er nødvendig med ein annan type informasjon enn det som er regulert i avtalen, eventuelt at det er eit kontinuerleg behov for informasjon. Du bør difor etablere rutinar for å utveksle denne typen informasjon. Kjøparen vil òg kunne vere med å avklare kva slags informasjon ein kan gje vidare.



**65.16.2 Har du utarbeidd ein skriftleg aktivitetsplan, til dømes vekeplan eller halvårsplan?**

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.17 TILRETTELEGGING

### 65.17.1 Har du lagt aktivitetane til rette med tanke på ferdigheitene, meistringsnivået og læringsbehovet til kvar einiskild brukar?

Inn på tunet-tenester rettar seg mot personar med ulike føresetnader og ulik bakgrunn. Difor kan det hende at du må leggje aktivitetane til rette for kvar einiskild, alt etter kva for brukarar du har. Slik syter du for at aktiviteten er trygg for kvar og ein som er med, og at deltakarane får mest mogleg ut av aktiviteten. For enkelte brukarar er det det ein lærer i aktiviteten, som er det viktigaste. For andre brukarar kan aktiviteten vere eit mål i seg sjølv. Dersom du legg til rette for kvar einiskild brukar, får du òg meir kjennskap til kva brukarane treng, og slik får du òg meir kjennskap til kva slags kunnskap og erfaring du sjølv treng meir av.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.17.2 Vurderer du kor mange brukarar ein aktivetsleiar kan ha ansvar for?

Som tilbjuder av Inn på tunet verksemd må du jamleg vurdera kor mange brukarar kvar aktivetsleiar kan ha ansvar for. I vurderinga bør du ta med brukargrupper, aktivitetar, situasjonar som kan oppstå og aktivitsleders kompetanse. Du må også ha kjennskap til aktuelt regelverk.

Aktivetsleder må ha oversikt over alle brukarar til kvar tid.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.18 GARDEN SOM LÆRINGSARENA FOR BARN OG UNGE



### 65.18.1 Har du skrive ein eigen avtale med skulen som dreiar seg om skulen sitt behov for dokumentasjon?

Rettleiinga *Nasjonal veileder. Inn på tunet – gården som læringsarena for barn og unge* er utvikla for å gje Inn på tunet-tilbydarar eit betre grunnlag for å følgje dei særskilde krava ein stiller til dei som leverer tenester til skuleverket.

På den nasjonale nettsida til IPT ligg det eit standard forslag som du kan bruka som avtalegrunnlag. Sjå krav link. Dette tek for seg desse områda:

- rammene for oppgåvene tiltaket skal utføre
- formålet for tiltaket i høve til skulen sine arbeidsoppgåver
- roller og ansvar
- tilsyn
- teieplikt
- politiattest
- handlingsplikta
- opplysningsplikta til barnevernet
- ordensreglement
- informasjonsflyt
- handtering av ulike brukargrupper på garden samtidig

Rettleiinga finn du på landbruksdirektoratets IPT-sider se link under krav

#### § Krav

Veileder tilbyder til skole	Informasjon
Standardavtale Inn på tunet	Informasjon

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.18.2 Nyttar de vekeplan eller prosjektplan aktivt i tilbodet?

I skulen er det vanleg å bruke vekeplanar. For lærarane er dette ein viktig reiskap for å kommunisere med elevane og foreldre om kva som skal lærast, kvar det skal lærast, og korleis. Det optimale er om du som IPT-tilbydar og skulen kan samarbeide om å utarbeide vekeplanar for elevane. Eit slikt samarbeid gjer det lettare for skulen å formidle korleis dei ventar at det skal jobbast for at elevane skal nå læringsmåla. Samtidig gjer det det lettare for deg å dokumentere kor mykje tid som blir brukt på IPT.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.18.3 Har du avklart med skulen kva som er kompetansemåla til elevane?

Skulen har definert kompetansemål innanfor dei ulike faga. Kompetansemåla skildrar kva eleven skal kunne etter eit visst trinn i faget. For deg som IPT-tilbydar inneber dette at du må innlemme arbeidsmåtar i tilbodet ditt som elevane kan bruke for å nå bestemte kompetansemål. Slike arbeidsmåtar kan til dømes vere knytte til øvingar med mål og vekt (matematikk), skildringar av landskap (geografi), undersøkingar av landbruk i endring (samfunnsfag), osv.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.19 TILBOD PÅ GARD FOR PERSONAR MED DEMENS



### 65.19.1

Har du gjennomført E-læringskurs frå Aldring og helse, med tema "Dagaktivitetstilbud for personer med demens"?

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

Vi tilrår at du les *Nasjonal handbok. Inn på tunet. Dagaktivitetstilbud tilrettelagt for personar med demens*. Dette er ei handbok som gjev rettleiing i korleis du planlegg, etablerer og driv eit dagaktivitetstilbud for personar med demens som eit Inn på tunet-tilbod. Hovudmålet med handboka er at ho skal vere eit støtteverktøy og eit oppslagsverk for IPT-tilbydarane og kommunane (det vil seie kjøparane). Boka skal også gje idéar og rettleiing slik at IPT-tilbydarane og kommunane kan vidareutvikle IPT-tilbod som allereie er etablerte. Du kan bestille boka på [aldringoghelse.no](http://aldringoghelse.no).

#### § Krav

E-læringskurs	Informasjon
---------------	-------------

### 65.19.2 Har du utarbeidd ein eigen aktivitetsplan for tilbodet?

Du bør utarbeide ein plan for aktivitetane på garden (vekeplan, halvårsplan eller årsplan). Det gjer det enklare å planleggje aktivitetane, å planleggje innkjøp og å leggje til rette for dei som jobbar i tilbodet.

Denne planen kan de gjerne sende ut til deltakarar og pårørande, slik at dei kan førebu dagen på garden med fottøy og klede som passar til aktivitetane.

Planen kan òg vere til hjelp i samtalar mellom deltakaren og pårørande dersom deltakaren har vanskar med å gjere greie for kva han/ho har gjort på garden.

Du bør ta atterhald om at det kan bli endringar i planen, slik at personalet kan innstille seg på å vere spontane når vêret skiftar, eller når det byr seg andre høve.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt



### 65.19.3 Har du inngått ein avtale med kjøparen som regulerer forholdet mellom dykk?

Du bør lese *Nasjonal handbok. Inn på tunet. Dagaktivitetstilbod tilrettelagt for personar med demens* (sjå punkt 11.20.1) for å få eit betre grunnlag for å etterleve dei særskilde krava ein stiller til dei som leverer tenester til personar med demens.

I handboka er det eit vedlegg som du kan bruke som avtalegrunnlag. Det tek for seg desse områda:

- rammene for oppgåvene tiltaket skal utføre
- roller og ansvar
- tilsyn
- teleplikt
- politiattest
- handlingsplikta
- opplysningsplikta
- ordensreglement
- informasjonsflyt
- handtering av ulike brukargrupper på garden samtidig

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

## 65.20 IPT, FLEIRE FORETAK PÅ SAME STADEN

### 65.20.1 Har du inngått avtalar med leigetakarar som syter for at det er ryddig og at driftstilhøva er gode?

Viss du har leigd bort jordbruksdrift på garden, men framleis nyttar delar av det utleigde jordbruksarealet i Inn på tunet-tilbodet, må du vera sikker på at leigetakaren følgjer krava som KSL set. Då er det naturleg at du skriv inn i leigekontrakten at utleigar/tilbydar må følgja KSL-krava. Dette kan stå saman med klausulen om at leigetakaren har bruksrett til IPT.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

### 65.20.2 Har du ein avtale med andre drivere som garanterar oppfølging av avvik gitt ved KSL-revisjon?

Om det er fleire som driv aktivitet fra same gardstun vil det være ansvaret til deg som IPT-tilbydar å sørge for at alle andre aktører til kvar tid følger opp sin KSL. Dette gjeld både egenrevisjoner innan angitte frister og oppfølging av KSL-revisjonar.

Svar		
Ja	Nei	Ikke aktuelt

